



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/42286-8

Dykkar referanse:
14/1235 – 18/11280

Vår dato:
23.05.2018

Merknad til offentlig ettersyn – områdeplan for Alversund del av gnr. 137 bnr. 138 – Planid 1263200902 – Lindås kommune

Vi viser til forslag til områdereguleringsplan for Alversund, motteke til offentlig ettersyn 10.04.2018.

Formål med planframlegget

Hovudføremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny skule med tilhøyrande infrastruktur. Planen stadfester òg gjeldande arealbruk og gjeldande plansituasjon innanfor planområdet, samt nokre tilpassingar for å få ein meir hensiktsmessig arealbruk.

Planprosessen

Planarbeidet for områdeplanen vart starta opp i 2009, med utviding av planområdet i 2010 og 2017.

Statens vegvesen har vore med i dialog om tilkomst, kollektivhaldeplass og parkeringsløyising ved den nye barneskulen og fleirbrukshallen. Fleire alternativ har vore skissert og diskutert, der dei i hovudsak har hatt parkering nær fv. 565. Statens vegvesen har gitt faglege råd undervegs. Ei tilråding har vore å innføre hjartesone rundt skulene, slik at det ikkje vert biltrafikk heilt inn til skulen. Dette vil både gi auka tryggleik, og kan bidra til at fleire vel å sykle til skulen, sidan dei då kjem heilt til skuleporten.

Av omsyn til dei som skal hente og levere på SFO, har kommunen valt å tillate parkering på skuletomta. Etter deira syn er det for langt å gå 300 meter frå parkeringsplassen. Statens vegvesen meiner framleis at 300 meter er ein akseptabel avstand, og at parkering nær skulen kan få negativ verknad på reisevaner både til skulen og fleirbrukshallen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegstandard og kryssutforming på fv. 565

Fv. 565 Alverflaten er hovudvegen til Radøy og har ein viktig transportfunksjon for Nordhordland. Statens vegvesen er difor opptatt av at ein legg til rette for at vegen kan oppretthalde sin transportfunksjon på ei samfunnstenleg måte.

Vi fekk tilsendt vegtekniske teikningar etter at planen vart lagt ut på offentleg ettersyn, og har ikkje hatt dei til gjennomsyn tidlegare i prosessen. Vi ser difor at det er nokre mindre tilpassingar som må gjerast, spesielt i kryss mellom o_SKV1 og o_SKV3, for å sikre god utforming av fv. 565 og kryssområdet.

Kommunen har valt å dimensjonere vegløyninga etter vegklasse Sa2 i handbok N100 Veg- og gateutforming. Dette er grunngitt med at Sa2 skal vere dimensjonerande for Alverstraumen bru, som er under planlegging.

Statens vegvesen meiner at fv. 565 i utgangspunktet bør ha H1-standard, med bakgrunn i vegens transportfunksjon. Vi ser at det antakeleg vert nødvendig å nytte vegklasse Sa2 for Alverstraumen bru, men endeleg slutning er ikkje fatta og vi meiner difor at det er uheldig å planlegge krysset til Alversund skule ut frå den standarden. Ein vil då forlengje strekninga som har redusert standard, eller, dersom ein klarar å byggje Alverstraumen bru med H1-standard, vil dette krysset bli bygd med lågare standard enn resten av strekket.

Statens vegvesen ber difor om ein dialog som gjeld mindre tilpassingar av areala i krysset, slik at ein kan utbetre horisontalkurvaturen i søraustgåande retning til H1-standard, og dermed sikre betre framkome på hovudvegen mot Radøy.

Byggegrense til veg

I reguleringsplanen er det lagt inn 15 meter byggegrense langs fv. 565, også i område til landbruksfremål (L). Statens vegvesen meiner det er feil å vise byggegrense i slike områder, ettersom det normalt ikkje skal byggjast i L-områder. Etter vårt syn skal difor byggegrensen langs veg i område L fjernast.

Subsidiært meiner vi at byggegrensa på 15 meter frå vegmidte er for lite på dette strekket, og bør aukast til 30 meter, som er i tråd med *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest*. Statens vegvesen meiner det er viktig at sideareala langs fv. 565 Alverflaten ikkje vert bygd ut. Etter vår vurdering vil det vere trong for å etablere eit betre gang- og sykkeltilbod mellom Hilland/Alversund og Isdalstø/Knarvik, for å imøtekomme og leggje til rette for auka del gåande og syklande i framtida.

I denne samanheng vil vi og minne om vårt innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund, med Alverstraumen, der vi skriv:

«Fv. 565 Alverflaten har stor trafikkmengde, og denne vil venteleg fortsette å auke ettersom all trafikk til Alversund, Alverstraumen og Radøy må køyre her. Det er difor viktig å sette av tilstrekkeleg areal til utvikling av trygge og kapasitetssterke tilbod for gåande og syklande både langs med vegen og på tvers.»

Dagens tilbud på nordsida av vegen er ikkje av tilfredsstillande kvalitet, og ligg på feil side av vegen for dei som kjem frå Alverstraumen bru og for bustadområda lenger sør. Nye Alverstraumen bru vil òg ha gang/sykkel-tilbod på sørsida, sidan dette er mest naturleg i høve til målpunkta. Etter vårt syn er det heller ikkje nok at det vert lagt til rette for gode g/s-samband til skuletomta via o_SGS3 og o_SGS7, det må òg vere areal til å etablere eit tilbod langs fv. 565 i framtida.

Ideelt sett burde tilbodet vore regulert i dette planarbeidet, men vi ser at vi då skulle kommentert det tidlegare. Målsetjing og kunnskap om gode gang- og sykkeltilbod har endra seg mykje i tida etter dette planarbeidet starta opp. Statens vegvesen meiner likevel det er viktig at ein i denne planen sikrar at tilbodet kan la seg regulere og gjennomføre seinare. Etter vårt syn er det difor viktig at byggjegransa vert flytt til 30 meter frå vegmidte, dersom kommunen framleis vel å vise byggjegransa i L-området.

I plankartet er det òg vist byggjegrænse langs o_SKV3 inn til skuletomta. Deler av denne byggjegransa ligg midt i gang- og sykkelvegen o_SGS2, og må openbart vere feil. Vi oppmodar kommunen til å ta ein ny gjennomgang av alle byggjegrænser vist i plankartet.

Tilbod for gåande og syklande langs fv. 404 Skarsvegen

Langs fv. 404 Skarsvegen har kommunen valt å regulere eksisterande gang- og sykkelveg, o_SGS1, slik den ligg i dag. Vegbreidda varierer noko, men er om lag 3 meter. Det er i føresegn §§ 2.1.2 og 10.6.1 satt krav om felles planlegging av BOP1, B1 og SKV6. Statens vegvesen meiner at ein ved detaljregulering av dette området må ha med o_SGS1, slik at ein kan sikre ein heilskapleg standard på gang- og sykkeltilbodet på strekninga. Til orientering er det i § 2.1.2 vist til §11.7, som ikkje er del av føresegnene.

Litt lenger nord skiftar o_SGS1 side, og ligg på vestsida av fv. 404. Over ei strekning på ca. 80 meter er det køyring til eigedomane gnr. 138 bnr. 3 og 20. Denne delen er vist som køyreveg i plankartet. Etter vårt syn må denne regulerast som gjennomgåande gang- og sykkelveg, der ein gjennom føresegn tillét køyring til eksisterande bueningar på ovannemnde eigedomar. Dette vil gi eit godt grunnlag for å sikre skulevegen for borna som går langs fv. 404, og unngå auka køyring på strekka ved eventuell seinare utbygging.

Kollektivløysing

Lindås kommune har valt ei kollektivløysing som inneber at det er eit eige busstopp til skuletrafikken, som ikkje vert nytta til andre tider av døgeret. Etter vårt syn ville det vore betre å etablere ein einssidig haldeplass ved fv. 565 som vart nytta heile døgeret, slik at brukarane av fleirbrukshallen og andre aktiviteter på kveldstid ville dra nytte av haldeplassen. Det ville etter vår vurdering gitt mindre bilkøyring og fleire brukarar av kollektivsystemet.

Parkering

Statens vegvesen ser det som positivt at det vert lagt til rette for parkering for busspendlarar på areal SPP. For skulen og fleirbrukshallen er det planlagt parkering på skuletomten, BOP3.

Statens vegvesen legg til grunn at kommunen sikrar areal til trygg sykkelparkering nær skuleinngangen, for å gi gode tilhøve for dei som sykklar. Sykkelparkeringa bør vere under tak.

Rekkefølgjekrav

Statens vegvesen meiner det er naturleg at det vert stilt rekkefølgjekrav om at kanalisert kryss mellom o_SKV1 og o_SKV3 skal vere ferdigstilt og godkjent for offentleg overtaking før tiltak på eigedom BOP3. Vi viser i den samanheng til ROS-analysen punkt 50, der det står i planomtalen:

«Ombygging av kryss vil i anleggsfasen føre til endra trafikkstraum. Dette vil skje på ein trafikkert fylkesveg i nærleiken av bensinstasjon, kyrkje, GS-veg, bustader, og skule. Omkøyningar må sikrast og leggast til rette så oversiktelege at ulykker ikkje vil førekomme.»

Statens vegvesen meiner at eit viktig tiltak for å sikre trafikktryggleiken for trafikantane på fv. 565 Alverflaten, vil vere å sikre ein kort byggetid for kryssområdet og ferdigstilling av anlegget før krysset vert tatt i bruk til tiltak i områda innanfor.

Vi gjer vidare merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar, jf. § 7.1.2.

Utbyggingsavtale

I føresegn §§2.3.1 og 4.1.8 vert det opna for at utbyggingsavtale kan nyttast for å imøtekomme rekkefølgjekrav fastsett i planen. Statens vegvesen er generelt kritisk til at denne ordninga vert nytta for viktige tryggingstiltak som fortau, gangveg og sykkelfelt, jf. § 4.1.8.

Oppsummering

Statens vegvesen meiner at føreliggande planframlegg vil vere eit godt utgangspunkt for områdeplanen for Alversund, men ber om at våre merknader vert teke med i eit oppdatert planframlegg.

Vidare ber vi om at det vert lagt til rette for dialog om val av vegstandard for fv. 565 og mindre endringar i kryssområdet mellom o_SKV1 og o_SKV3, for å sikre god og trygg framkome på fylkesvegen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN